



## MØTEPROTOKOLL

<b>Utval</b>	Formannskapet
<b>Møtedato</b>	09.02.2017
<b>Møtestad</b>	Møterom 3.etg. , Kulturskulesenteret
<b>Møtetid</b>	17:00 – 21:00

### Følgjande medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Repr
Peder Sjo Slettebø	Ordførar	H
Hans Inge Myrvold	Varaordførar	SP
Leif Sverre Enes	Medlem	H
Sølvi Ulvenes	Medlem	H
Gerd Laura Bondhus	Medlem	SP
Marit Aarthun	Medlem	KRF
Hilde Enstad	Medlem	AP
Ove Lemicka	Medlem	FRP

### Følgjande medlemmer møtte ikkje:

Namn	Funksjon	Repr
Johnny Håvik	MEDL	AP

### Følgjande varamedlemar møtte:

Namn	Vara for	Repr
Gretha Rød	Johnny Håvik	AP

### Følgjande frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Odd Ivar Øvregård	Rådmann
Bente Høyland	Møtesekretær

### **MERKNADER:**

#### Orienteringar:

- Ressurs og miljøstrategi v/SIM.
- Opsangervegen v/Sigbjørn Øye og Per Inge Naterstad.
- Ordførar orienterte om møter og hendingar sidan sist.

#### Permisjonar:

Sølvi Ulvenes (H) – Etter sak 2017/13.

Inhabile:  
Ingen.

Evt. endring på saksrekkefølge:  
Ingen.

Tilleggssaker:  
2017/14 – Pådrivarselskap for Fjelbergsambandet.  
2017/15 – Prosjektplan for ny fleirbruksplan på Husnes.  
2017/16 – Orientering om arbeidet med budsjett 2017.

Oversending frå Leif Sverre Enes (H)  
Gjeld avsette midlar i budsjett 2016 og 2017

Til utvikling av bustadfelt i Kvinnherad  
1,5 mill x 2 = 3 mill.

Formannskapet ber administrasjonen snarast (innan april) leggja fram sak om kor mange bustadfelt som er planlagd eller er under planlegging i Kvinnherad. Det må skiljast mellom felt med rekkefølgekrav og felt utan.

Hensikta med ei slik oversikt skal vera grunnlag for fordeling av midlar avsett til bustadutvikling.

Spørsmål frå:

Leif Sverre Enes (H):

Status for Heradstun (Rosendal) ?

Svar vert ettersendt.

## SAKLISTE

---

Saksnr	Innhald
PS 2017/1	Prosjektplan for arbeidet med planprogram for Husnes som regionsenter
PS 2017/2	Revidert planprogram for rullering av gjeldende Landbruksplan for Kvinnherad kommune
PS 2017/3	Uttale frå Kvinnherad kommune vedkomande frykta effekt av Langtidsplanen for forsvaret
PS 2017/4	Oppstart reguleringsplan - omlegging av fv48 Løfallstrand kote 70 - planid - Kvinnherad kommune
PS 2017/5	Sal av Sunde Gamle Skule
PS 2017/6	Samarbeidsavtale Stiftinga Folgefonnsenteret - Kvinnherad kommune
PS 2017/7	Behandling -Søknad om midlar - Innkjøp av båtar-Kvinnherad Jeger og sportsfiskarlag
PS 2017/8	Godkjenning av detaljreguleringsplan for 153/346 m.fl - bustader på Slettestølen - Sunde - Bjørn Erik Eliassen
PS 2017/9	Humanitær hjelp til Syria
PS 2017/10	Ressurs og miljøstrategi - Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS
PS 2017/11	Tilvirkningsløyve - Rosendal Turisthotell
PS 2017/12	Oversending av rapport "Teknisk forprosjekt ferjestø Djupavikneset - Stord"
PS 2017/13	Bustadpakken - kjøp av bustader på Husnes
PS 2017/14	Etablering av pådrivarselskap for Fjelbergsambandet
PS 2017/15	Prosjektplan for ny fleirbrukshall på Husnes
PS 2017/16	Orientering om arbeidet med budsjett 2017 Refererte skriv
RS 2017/1	Sal av Stord sine aksjar i Atheno AS
RS 2017/2	Regionreform - vedtak på fylkestinget i Hordaland

---

## **PS 2017/1 Prosjektplan for arbeidet med planprogram for Husnes som regionsenter**

### **Behandling i Formannskapet den 09.02.2017**

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedteken.

Framlegg frå Marit Årthun (Krf):

Ønskjer at kristne organisasjonar vert med i referansegruppa.

### **Vedtak frå Formannskapet den 09.02.2017**

*Formannskapet godkjenner prosjektplanen for prosjektet: Planprogram for vidareutvikling av Husnes som regionsenter slik den ligg føre.*

## **PS 2017/2 Revidert planprogram for rullering av gjeldende Landbruksplan for Kvinnherad kommune**

### **Behandling i Formannskapet den 09.02.2017**

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak frå Formannskapet den 09.02.2017**

#### **Oppstart av tema kommunedelplan:**

1. *Kvinnherad formannskap vedtek å starte opp arbeidet med tema kommunedelplan for landbruk jf plan- og bygningslova §§11-2 og 11-12.*
2. *Framlegg til planprogram for revidert "Landbruksplan for Kvinnherad" skal sendast på høyring og leggjast ut til offentleg ettersyn jf. plan- og bygningslova §§ 11-13 og 4-1.*
3. *Frist for merknader til planprogrammet og innspel til planarbeidet vert sett til seks veker frå kunngjeringsdato.*

#### **Oppstart prosjekt:**

*Kvinnherad formannskap tek prosjektplan til vitande og vedtek at formannskapet er styringsgruppe for prosjektet «Landbruksplan for Kvinnherad»*

## **PS 2017/3 Uttale frå Kvinnherad kommune vedkomande frykta effekt av Langtidsplanen for forsvaret**

### **Behandling i Formannskapet den 09.02.2017**

NYTT FRAMSETT FORSLAG FRÅ HILDE ENSTAD (Ap):

Kvinnherad kommune ser med uro på langtidsplanen for Forsvaret slik han ligg føre. Reduksjon av budsjett og mannskap i Heimevernet vil få konsekvensar for Kvinnherad kommune og vår beredskap ved krig eller kriser.

Kvinnherad kommune meiner at vi med dagens sikkerhetspolitiske klima og med vårt lokalt utfordrande topografi i høve klimaendringar ( ras, flaum) ikkje kan godta moglegheiten til å hente støtte frå Kvinnherad heimevernsområde vert redusert eller fell vekk. Heimevernet er stor ein ressurs for det lokale politiet.

#### **Røysting:**

Nytt framsett forslag frå Hilde Enstad: 2 røysta for (Hilde Enstad og Gretha Rød, Ap)

Rådmannen si innstilling: 6 røysta for innstillinga, 3 røysta mot (Peder S. Slettbø, L.S.Enes og S.Ulvenes)

### **Vedtak frå Formannskapet den 09.02.2017**

*Kvinnherad kommune ser med uro på langtidsplanen for Forsvaret slik den ligg føre, med forslag om å redusera Heimevernet med 15.000 mann på landsbasis. Kommunen vår har ein utfordrande topografi i høve til varsla klimaendringar med omsyn på ras og flaum. Ein eventuell reduksjon av budsjett og mannskap kan difor få store konsekvensar for den sivile beredskapen der Heimevernet er ein viktig ressurs.*

### **PS 2017/4 Oppstart reguleringsplan - omlegging av fv48 Løfallstrand kote 70 - planid - Kvinnherad kommune**

#### **Behandling i Formannskapet den 09.02.2017**

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak frå Formannskapet den 09.02.2017**

*Kvinnherad formannskap som styringsgruppe godkjenner oppstart av prosjektet «Detaljreguleringsplan for omlegging av Fv48 Løfallstrand til kote 70» i samsvar med saksutgreiinga nedanfor.*

*Rådmannen får i oppdrag å inngå avtale med konsulent og å melda oppstart av reguleringsplanarbeidet i samsvar med pbl § 12-8.*

### **PS 2017/5 Sal av Sunde Gamle Skule**

#### **Behandling i Formannskapet den 09.02.2017**

NYTT FRAMSETT FORSLAG FRÅ SØLVI ULVENES (H):

Pkt.1: b, c + d blir teke ut.

**Røysting:** 6 røysta for nytt framsett forslag, 3 røysta mot (Ap og Krf)

### **Vedtak frå Formannskapet den 09.02.2017**

- 1. Sunde Gamle Skule, gnr 153 bnr 17, vert seld til Sunde Grendalag for kr 1,- under følgjande vilkår:*
  - Vilkår for sal er at eigedommen vert seld som den er, utan ansvar for seljar for moglege skjulte feil eller manglar og med dei rettar og plikter som ligg på eigedommen.*
- 2. Kjøparen ber alle kostnader med kartforretning og overdraging av eigedommen.*
- 3. Rådmannen får fullmakt til å gjennomføre salet.*

### **PS 2017/6 Samarbeidsavtale Stiftinga Folgefonnsenteret - Kvinnherad kommune**

#### **Behandling i Formannskapet den 09.02.2017**

NYTT FRAMSETT FORSLAG FRÅ SØLVI ULVENES (H):

Som innstillinga frå rådmannen, men endra tidspunkt i punkt 2 til *gjeldande frå 01.01.2019.*

**RØYSTING:** Nytt framsett forslag vart samrøystes vedteken.

### **Innstilling frå Formannskapet den 09.02.2017**

1. Kommunestyret godkjenner Samarbeidsavtale mellom Kvinnherad kommune og Stiftinga Folgefonnsenteret om drift av Folgefonnsenteret.
2. Refusjon av kommunen sine kapitalkostnader vert gjeldande frå 01.01.2019. Vidare skal refusjonen vurderast ut frå utviklinga av stiftinga sin økonomi.

### **PS 2017/7 Behandling -Søknad om midlar - Innkjøp av båtar-Kvinnherad Jeger og sportsfiskarlag**

#### **Behandling i Formannskapet den 09.02.2017**

NYTT FRAMSETT FORSLAG FRÅ FORMANNSKAPET:  
Tilskotet blir innvilga med kr.35000,-.

**Røysting:** Samrøystes for nytt framsett forslag.

#### **Vedtak frå Formannskapet den 09.02.2017**

*Kvinnherad Formannskap syner til søknaden og løyver kr.35.000 til Kvinnherad Jeger & Sportsfiskarlag. Midlane skal nyttast til innkjøp av to båtar. Midlane vert å ta frå fiskefondet.*

### **PS 2017/8 Godkjenning av detaljreguleringsplan for 153/346 m.fl - bustader på Slettestølen - Sunde - Bjørn Erik Eliassen**

#### **Behandling i Formannskapet den 09.02.2017**

Forvaltningskomiteen si innstilling var samrøystes.

### **Innstilling frå Formannskapet den 09.02.2017**

Kvinnherad kommunestyre vedtek med heimel i plan- og bygningslova [§12-12](#) at forslag til detaljreguleringsplan for 153/346 m.fl - bustader på Slettestølen - Sunde, sist revidert den 12.12.16 blir godkjent slik han ligg føre.  
Grunnlaget for kommunal eigengodkjenning er til stades.

### **PS 2017/9 Humanitær hjelp til Syria**

#### **Behandling i Formannskapet den 09.02.2017**

NYTT FRAMSETT FORSLAG FRÅ GRETHA RØD:

Kvinnherad kommune gjev kr.1,- per innbyggjar.... (resten av innstillinga frå rådmann)

**RØYSTING:** Nytt framsett forslag frå Gretha Rød (Ap) vart vedteke med 8 mot 1 røyst (Ove Lemicka, Frp).

#### **Innstilling frå Formannskapet den 09.02.2017**

Kvinnherad kommune gjev kr.1,- pr innbyggjar til humanitær hjelp til Syria.

Midlane blir tatt frå politikk og gitt til Røde kors.

Kvinnherad kommune oppmodar kvinnheringane til ei kronerulling for Syria.

## **PS 2017/10 Ressurs og miljøstrategi - Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS**

### **Behandling i Formannskapet den 09.02.2017**

Formannskapet fekk orientering frå representant i SIM før behandling av saka.

Formannskapet vil at saka går vidare til kommunestyret, der ein får ein dialog om innspel angåande søppelproblematikken.

### **Innstilling frå Formannskapet den 09.02.2017**

Saka går vidare til kommunestyret.

## **PS 2017/11 Tilvirkningsløyve - Rosendal Turisthotell**

### **Behandling i Formannskapet den 09.02.2017**

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak frå Formannskapet den 09.02.2017**

- 1. Hotell Rosendal AS får utvida skjenkeløyvet sitt, til og å gjelde kommunalt tilvirkningsløyve jfr. Alkoholova § 4-2, 3. ledd, for alkoholhaldig drikk, for servering i eigne lokaler.*
- 2. Vedtak 2016/50 frå Formannskapet 18.08.2016 om skjenkeløyve og lokaler gjeld her.*
- 3. Vedtaket gjeld til 30.09.2020*
- 4. Ansvarleg for løyvet er: Kristoffer Hillesland f. 28.07.91  
Reservestyrar er: Harald Smistad f. 30.05.70*
- 5. Skjenkeavgifta vert sett i samsvar med gjeldande forskrifter.*

## **PS 2017/12 Oversending av rapport "Teknisk forprosjekt ferjestø**

### **Djupavikneset - Stord"**

### **Behandling i Formannskapet den 09.02.2017**

NYTT FRAMSETT FORSLAG FRÅ HILDE ENSTAD (Ap):

**Pkt.1** som innstillinga

**Pkt.2** Formannskapet ber Hordaland fylkeskommune ta initiativ til vidare prosess med løysing for sambandet Kvinnherad – Stord.

**Pkt.3** Formannskapet ber fylkeskommunen i ny prosess vurdere løysing med bruk av eksisterande ferjekaier eller bru, i tillegg til dei alternativa for nye ferjekaier som allereie er utgreidd.

**Røysting:** Nytt framsett forslag fekk 2 røyster og fall (Hilde Enstad og Gretha Rød, Ap)

Rådmannen si innstilling vart vedteken med 7 røyster.

### **Vedtak frå Formannskapet den 09.02.2017**

- 1. Formannskapet sluttar seg til rapporten, som konkluderer med at det ikkje er behov for ytterlegare utgreiingar av Djupavikneset som ev. framtidig ferjestø for trafikken til og frå Kvinnherad.*
- 2. Formannskapet ber om at Hordaland fylkeskommune så raskt som råd, tek initiativ til vidare prosess med framtidig løysing for innkorting av ferjesambandet mellom Stord og Kvinnherad. I denne samanheng ynskjer Kvinnherad kommune at det vert fremja statleg plan for prosjektet.*

## **PS 2017/13 Bustadpakken - kjøp av bustader på Husnes Behandling i Formannskapet den 09.02.2017**

Rådmannen orienterte om prosessen.

### **Røysting:**

Pkt. 1: Rådmannen si innstilling vart vedteken med 7 mot 2 røyster (Ap)

Pkt. 2: Samrøystes

Pkt. 3: Samrøystes

Framsett krav frå Hilde Enstad(Ap), Marit Årthun (Krf) og Gretha Rød (Ap):  
Saka vert sendt vidare til kommunestyret for drøfting og avgjerd.

## **Innstilling frå Formannskapet den 09.02.2017**

Kvinnherad formannskap stadfester tidlegare drøfting oppdrag vedkomande bustadpakken med følgjande:

1. Rådmannen får i oppgåve å kjøpe inntil 22 bustader i Husnes sentrum i tråd med tidlegare orientering og drøfting/vedtak.
2. Formannskapet legg særleg vekt på at det vert arbeid vidare med bustadløyising også på bygdene i kommunen.
3. Det skal leggest fram ein samla bustadplan for endeleg handsaming. Planen skal handsamast i kommunestyret innan utgangen av første halvår.

## **PS 2017/14 Etablering av pådrivarselskap for Fjellbergsambandet Behandling i Formannskapet den 09.02.2017**

NYTT FRAMSETT FORSLAG FRÅ LEIF SVERRE ENES (H):

Medlemmer i arbeidsgruppa er frå formannskapet

1. Hans Inge Myrvold (Sp)
2. Ove Lemicka (Frp)

Røysting: Framsett forslag vart samrøystes vedteke.

## **Vedtak frå Formannskapet den 09.02.2017**

***Formannskapet etablerer ei arbeidsgruppe på tre personar for å utarbeide grunnlaget for eit pådrivarselskap for Fjellbergsambandet.***

***Arbeidsgruppa får som mandat å:***

- ***Utarbeide framlegg til organisering av selskapet.***
- ***Utarbeide retningsliner / vedtekter for selskapet***
- ***Utarbeide budsjett for selskapet sitt første år***
- ***Kome med framlegg til deltakarar i selskapet.***

***Medlemmer i arbeidsgruppa er frå formannskapet***

1. ***Hans Inge Myrvold (Sp)***



## **2. Ove Lemicka (Frp)**

***Grendalaget for Fjellberg vert beden om å velje ein representant.***

***Rådmannen er sekretær for arbeidsgruppa.***

### **PS 2017/15 Prosjektplan for ny fleirbrukshall på Husnes Behandling i Formannskapet den 09.02.2017**

FRAMSETT FORSLAG FRÅ ORDFØRAR:

Ordfører tiltrer referansegruppa.

Samrøystes.

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak frå Formannskapet den 09.02.2017**

***Formannskapet godkjenner framlegg til prosjektplan.***

***Det vert å utarbeide plan for framdrift med datoar innan 01.04.2017***

***Ordfører tiltrer referansegruppa.***

### **PS 2017/16 Orientering om arbeidet med budsjett 2017**

#### **Behandling i Formannskapet den 09.02.2017**

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak frå Formannskapet den 09.02.2017**

***Formannskapet tek orienteringa til vitande.***

**Refererte skriv**

**RS 2017/1 Sal av Stord sine aksjar i Atheno AS Sal av Stord sine aksjar i Atheno AS**

**RS 2017/2 Regionreform - vedtak på fylkestinget i Hordaland Regionreform - vedtak på fylkestinget i Hordaland**